



# NORSK LOVTIDEND

## Avd. II Regionale og lokale forskrifter mv.

Utgitt i henhold til lov 19. juni 1969 nr. 53.

Kunngjort 7. november 2024 kl. 16.35

PDF-versjon 7. november 2024

23.10.2024 nr. 2690

### Forskrift om skule- og feriedagar for elevane, Askvoll kommune, Vestland

**Heimel:** Fastsett av Askvoll kommunestyre 23. oktober 2024 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 14-1 andre ledd.

#### § 1. Formål og verkeområde

Forskrifta gjeld for elevar ved alle grunnskolar i Askvoll kommune og seier kva skule- og feriedagar elevane skal ha i skuleåret. Elevane har rett og plikt til å møte på skolen på dei fastsette dagane. Opplæringa skal strekkje seg over minst 38 skuleveker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker i skuleåret, jf. opplæringslova § 14-1.

#### § 2. Årleg skulerute

For kvart skuleår fastset kommunedirektøren ei skulerute. Ho skal gi oversikt over skuleferiane til elevane og andre skulefrie dagar i grunnskulen i Askvoll kommune. Skuleruta skal publiserast på kommunen sine nettsider innan utgangen av desember året før. Skulane skal kvart år informere foreldra om skuleruta etter at ho er vedteken for neste skuleår.

#### § 3. Nasjonale prøver og eksamen

Skuleruta skal være tilpassa gjennomføring av nasjonale prøver og sentralt og lokalt gitt eksamen.

#### § 4. Fellesreglar og lokale unntak

- Oppstart og avslutning av skuleåret, haustferie, juleferie, vinterferie og påskeferie skal som hovudregel være lik for alle skulene i kommunen. På grunn av fylkeskommunale ordningar for skuleskyss, skal oppstart og avslutning av skuleåret også avklarast med Vestland fylkeskommune.
- Skulane kan gjere lokale endringar om særlege grunnar taler for det. Dette må godkjennast av samarbeidsutvalet (SU) ved den aktuelle skule. Saka skal sendes til endeleg godkjenning hos administrativ skuleeigar.
- Lokale endringar etter bokstav b skal publiserast på skulen og kommunen sine nettsider, i god tid før oppstart av nytt skuleår. I god tid før neste skuleår skal skulen også skriftleg informere foreldre (både til elevar ved skulen og nye frå neste skuleår) om avvikande datoar.

#### § 5. Iverksetjing

Forskrifta trer i kraft straks.